



Jørgen Olsvoll

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2588 - 16/23036

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

05.12.2016

## Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt gjerding Gbnr. 30/2 og 4 Hestdal

**Administrativt vedtak. Saknr: 410/2016**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 30.11.2016.

Meland kommune har motteke søknad frå Jørgen Olsvoll om at fristen for å gjere ferdig SMIL-tiltak som det er løyvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld inngjerding av beite på gnr. 30 bnr. 2 og 4 på Hestdal, saknr. 13/961. Arbeidsfristen gjekk ut 30.11.2016.

### Vurdering:

Prosjektet har kome i gang, men en del står att. Det er trong for meir til for å fullføre prosjektet med gjerdinga. Søkjar opplyser at dei vil vente med å gjerde ferdig til framtidig plassering av nytt kommunalt vassverk er avklart. Søkjar vurderer også å byggja på driftsbygning, og vil difor gjerne ha ein avklaring på kor desse bygga eventuelt vert plassert før gjerdet vert sett opp. Det er kunn ved desse moglege plasseringane at gjerdet ikkje er ferdig.

Det er søkt om utsetting med 2 år for å gjennomføre prosjektet. Det er høve til å forlenga arbeidsfristen med 2 år fram til 30.11.2018. Kommunen vurderer det slik at den grunn som ligger bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen, må akseptrast. Det er viktig at arbeidet kan slutførast, og utsett frist vert løyvd.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Vedtak

«Meland kommune gjev med dette Jørgen Olsvoll utvida frist til 30.11.2018 med å gjennomføre siste del av tiltaka som det vart løyvd pengar til i delegert vedtak, sak 13/961. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak sak. 13/961.

Vedtaket har heimel i § 3 i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.»

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

## Mottakere:

Jørgen Olsvoll